# Referat styremøte måndag 18. oktober kl 19.30

Stad: Klubbrommet
Møtte: Edle, Linn, Anna, Åse, Liv Jorunn og Ida

| Sak | Type | Beskriving | Løysing | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| 1. | Plassering av tribune og kiosk mm. ute, ta ei synfaring | | Vi flyttar bosshuset til containeren ved stallen, containerbrakka bak ridehallen, kiosken dit bosshuset sto før, og tribuna på andre sida av vegen ved ridehallen, så langt fram mot ridebana som råd. | Edle møter nokon frå Retura i morgon, og legg ein konkret plan for kor ting skal stå. Retura sponser flytting, men får gjere det når dei har tid til det. |
| 2. | Økonomi | **Status:**<br>**Innestående 560.000,-**<br>**Ut:**<br>Lydkjelleren 30.000,-. (17++?)<br>Lån stall 50.000,-<br>Spleis r.p. 17.000,-<br>Horv 8.000,- inkl frakt<br>Sand hall 25.000,-<br>Kjetting 10.000,-<br>**Sum 420.000,-**<br>**Inn:**<br>Rideleir 24.000,-<br>Kakesal m.m 30.000,-<br>**Innestående 474.000,-**<br>**Mål 31.12.2022 kr 500.000,-**<br><br>Stalleige - Anleggsleige<br>https://docs.google.com/spreadsheets/d/12tx9l6x5C2CbNuqi6zUq1IiomQXOF8caRJKbAdcgRc0/edit#gid=0<br><br>Hengarparkering | -Stopp på div investeringar, kun nødvendige ting, vedlikehald<br>-Kjøpe kun det vi får støtte til | Det er einigheit i styret om økonomien, samt auka av stall- og anleggsleige.<br><br>Vi held prisen på hengarparkering til 600 kr i året. |

| Sak | Type | Beskriving | Løysing | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| 3. | Aktivitetar | Programridning<br>Planlegge vaksenkurs<br>Utstyrsbytte, pussekveld<br>Førstehjelpskurs<br>Julebord | Aktivitetsgruppa, fordeling av ansvar og skrive referat med samme mal som styremøter. https://docs.google.com/document/d/1Toz5hY2otvmwtg8dGyVtAPiQsvclDMOfTZsI-flU2FE/edit<br>Høyre med Marit om å sitte i aktivitetsgruppa.<br><br>Aktivitetsgruppa må gå gjennom dei ulike arbeidsoppgåver ved arrangement, om desse krev endringar.<br><br>Vi treng nøye lister over alt som må gjerast på dugnad i forkant, under og etter arrangement. | Programriding kan vi ha på kveldstid på vekedagar.<br>Høyre med røde kors (Linn spør Arnfinn) om førstehjelpskurs. Kan og høyre med Sofie Wollmann om førstehjelpskurs på hest.<br><br>Kan ha julebord i klubbromet (maks 15-20 stk), fredag 25. november, Åse legger ut informasjon og påmelding. Bestille mat hos nokon. |
| 4. | Evaluering dressurstemnet 1-2. oktober og klubbstemne i sprang 16. oktober | | Dressurstemne: Det gjekk veldig bra i sekretariatet, dei som var på opplæring var veldig flinke. Lage lister og info på alt, og henge/legge fram lister (eks speakerinfo i mikseskapet).<br>Veldig triveleg dommar. Fekk tilbakemelding om at vi burde ha steward på klubbstemne, fordi det er då det er mest urutinerte rytterar. Dommar var fornøgd med overnatting, og me kan høre med dei om | Anna lager liste for sekreteriatet<br>Ida lager speakerinfo<br>Linn lager rutine for kjøkkenet |

| Sak | Type | Beskriving | Løysing | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| | | | sponsing av overnatting.<br>Vi må ha parkeringsvakt!<br>Få til å nytte porten i andre enden av ridebana til oppvarming, for å skille publikum og hest enno meir.<br>Oppvarming inne, og konkurranse ute så lenge ver og føre tillet det.<br>Kort oppsumert er det viktig å tenke på detaljar, men det var eit godt stevne frå alle si side.<br>Klubbstemne i sprang:<br>Fullt kaos, lause hestar, hestar som steila, kjefting og smelling. Lite skille mellom publikum og hestar. Vi må ha nokon som kan ha ei steward-rolle på klubbstevne, som både kan dette, og tørr å seie frå. God inntjening! | |
| 5. | Evaluering pizzakveld i oktober | | Suksess! | |
| 6. | Satsingsklubb | Kor vi ligg an der med re-godkjenninga?<br>2 representantar ryttertinget. Bevis på underslagsforsikring. | | Må ettersende budsjett når det er klart (Linn).<br>Edle høyrer med forsikringsselskapet om underslagsforsikring.<br>Randi og Ida er representantar til ryttertinget. |
| 7. | Søke om støtte | Er ikkje noko å søke på før etter jul. Forslag: Kjettingar til traktor, bøylemic og | | |

| Sak | Type | Beskriving | Løysing | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| | | høgtalarar klubbromet. Printer til stemner. | | |
| 8. | Fakturering via Klubbadmin | Edle og Linn har tatt kurs online om fakturering klubbadmin som vi må ha frå neste år. Har spurt om kostnad, det kostar pr faktura vertfall. | Påbudet gjeld medlemskap. | |
| 9. | Tennbrikkettsalg | Treig leveranse | Vi bestiller medium i staden for små esker, slik at vi blir ferdige med det. | Åse har ansvar for dette. |
| 10. | Nordkak-salg | | Bestille inn ein del ekstra bokser slik at vi kan ha til å selge i kiosken | Edle tek ansvar for kakesalget. |
| 11. | Junioraktivitetar | - Magne Haugen-leir i oktober<br>- Open dag<br>- Ridetur og vogn<br>- Jul i stallen | Detaljar rideleiren<br>Kva type mat? | Instruktør ridetimar: Linn<br>Vere saman med barna som ventar medan den andre gruppa rir:<br>Handle inn mat: Linn<br>Lage klar maten laurdag:<br>Lage klar maten søndag:<br>Rydde klubbrom laurdag:<br>Rydde og vaske klubbrom og toalett søndag:<br>Manglar leiar Hatid søndag |
| 12. | Grunnarbeid stallen | Retura kan levere 22 kubikk kontainer til hestmøkk ved paddockane, 6x2,5 meter. 625 kr inkl mva i månadsleige. | Sindre har tatt drensen rundt stallen.<br>Retura hjelper oss litt med å finne ein plass å tøme. Vi kan ha denne containeren kun på vinteren, bestille den til november.<br>Moglegheit for å få levere møkk til biogassanlegget i | |

| Sak | Type | Beskriving | Løysing | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| | | | Vanylven, kan sjå på dette om det vert aktuelt. | |
| 13. | Underlag ridehallen | Dugnad jamne underlaget med laser. Få bestilt sanden med Standal Knuseverk, høre om vi kan lagre halvparten til seinare hos dei? | Gjere det i veke 45. Drage inn frå kortsidene før vi har på eit lag med sand.<br>Edle har oversikt over kor mykje sand vi skal ha. | Åse hører med far sin om korleis vi skal måle med laseren.<br>Edle hører med Standal om vi kan kjøpe berre halve, og om dei har høve til å komme med det i veke 45.<br>Åse legger ut informasjon om dugnad i starten av veke 43. |
| 14. | Lyd klubbromet | Lydkjelleren har montert utehøgtalarar. Litt dårlig lyd på høgtalarane mot ridebana, evt vurdere nye etterkvart (søke om støtte til det). Selge gamalt mobilt utstyr. Fått tilbod på høgtalarar på klubbromet. | Dette har vi prata om. | |
| 15. | Rundpaddock og ny harv | Har fått solgt harva som er ute, kan bestille rundpaddock og ny harv ute. | Fått tilbod frå Sisu. Vi tek dette att til våren. Bruker sanden ein plass på parkeringa til rundpaddock. | |
| 16. | Dugnad | - Rekkverk klubbromet<br>- Male platene til rekkverket før vi monterer dei<br>- Sveise skøyten golvbelegg klubbromet<br>- Bilete på veggane klubbromet<br>- Kjøkkenet i klubbromet<br>- Putekasser til premiar på loftet.<br>- Heve døra<br>- Vi bygger trapp ute i staden for rampe.<br>- Flytte tribuna<br>- Flytte toalett/bos-skuret | | - **Hugo Hjelle:** Rekkverk klubbromet<br>- **Linn:** Har vore i kontakt med Malar Olav for å sveise skøyten.<br>- **Liv Jorunn:** Printer ut bilete til klubbromet,<br>- **Linn og Edle:** Vil sjå på kjøkkenet.<br>- **Ingmar:** vil ta ansvar for å få heva døra.<br>- Vi bygger trapp ute i staden for rampe i første omgong.<br>- **Edle:** Høyrer med Retura om |

| Sak | Type | Beskriving | Løysing | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| | | - Flytte kiosken til ridehallen<br>- Flytte brakka bak ridehallen<br>- Flytte takplatene til tribuna? Ønsker å bygge vognskjul der<br>- Lage 2 stk parkbenkar med støtte frå Vik Ørsta<br>- Lage til plater å ha framfor vindauga til klubbromet som er hengsla oppe<br>- Male nokre fjøler av vantet i kvit farge til våren<br>- Male resten av klubbromet til våren | | flytting av brakka bak ridehallen, Retura vil gjere det. Synfaring onsdag 19.10.22 om dei kan flytte brakka, tribuna, kiosken og boshuset.<br>- Flytte takplatene til tribuna/brakka? Ønsker å bygge vognskjul ved tribuna.<br>- **Edle:** Lage 2 stk parkbenkar med støtte frå Vik Ørsta - utsatt til våren, avklart med Vik Ørsta.<br>- **Kjell Sætrevik** Lage skapdør til anlegget i hallen<br>- Lage til plater å ha framfor vindauga til klubbromet som er hengsla oppe |
| 17. | Diverse webinar | * Webinarer for styreledere/styremedlemmer i klubb<br>* Webinar om årsmøte for klubb -og kretsstyrer<br>* Webinar valgkomitè | | Edle og Åse er interessert i å vere med på webinar. |
| 18. | Hesteadvokatene | **Medlemmer av deres rideklubb tilbys:**<br>● En rabattert timepris hos Advokatfirmaet Molteberg Nilsen (% rabatt avtales nærmere).<br>● Uforpliktende første samtale / veiledning i saken for deres medlemmer. | | Edle tek kontakt med dei. |

| Sak | Type | Beskriving | Løysing | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| | | • Vi undersøker muligheten for dekning fra forsikringsselskap (rettshjelpsdekning).<br>• Dere informerer på deres nettside at medlemmer har tilgang til en rabattert avtale med Hesteadvokaten / Advokatfirmaet Molteberg Nilsen.<br>• Vi kan inkludere informasjon om deres rideklubb på vår nettside (www.hesteadvokaten.no).<br><br>**Hvorfor inngå et samarbeid med Hesteadvokaten / Advokatfirmaet Molteberg Nilsen?**<br>• En rabattert advokattjeneste kan bli satt pris på av deres medlemmer som er aktive innen hestemiljøet.<br>• Dere får eksponering på våre nettsider som samarbeidspartner.<br>• Tilgjengelige – for alle de små spørsmålene man måtte ha – også som dere som rideklubb selv måtte ha.<br>• Vi bistår i mer enn 100 ulike tvistesaker årlig. | | |

| Sak | Type | Beskriving | Løysing | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| 19. | Nytt styremøte | Tysdag 22. november, kl 1930 i klubbromet | | |